



Dei nasjonale tonane kling godt i skulen. Dette er kornettgruppa,

Det er ikkje lenge til dagen over alle dagar også for skulemusikken i vår bygd og naturleg nok dominerte dei nasjonale tonane under seminaret på skulen. Og det kan rapporterast at dei er på plass. vi registrerte berre ei einsleg falsk Nordraaktone frå kornettane då vi var innom og lytta i føremiddag og nok ein gong imponerte dirigent Tor Skeie Olsen med effektivitet og disiplin - godt supplert av instruktør Julie Olsen som gruppeinstruerte grovmessingen i eit tilstøtande klasserom. Når sant skal seiast gjekk det ikkje heilt smertefritt, men det skuldast ikkje Olsen. Det var det som kallast stemnekollisjon og tilpasninga var ikkje så lett. Fleire av dei unge muskarane skulle springa litt innimellom!

Det er ikkje vanskeleg å registrera at korpset er for oppadgåande både kvantitativt og kvalitativt.

No er det 16 aktive musikantar og 7 aspirantar og fleire vil inn. Og seminar er viktig, det vert halde 2 eller 3 slike i året.

Instruktør Julie, som har vore engasjert sidan ifjor haust har vore til svært god hjelp, understrekar dirigenten. Det var da også hans ynskje at ho skulle få oppdraget.

Den store DAGEN er ellers ekstra krevjande fordi korpset skal marsjera og spela, Då er det praktisk å ha ein stor hall til disposisjon for øvingane, slik korpset har hatt i dag.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Det er fint å ha ein stor hall å spela i